

eksp. 2

«KONGSEMNERNE»

Av Henrik Ibsen



Ibsensenteret

Ny kunstnarleg storsatsing

Hausten 1987 førte Det Norske Teatret fram «Keisar og galilear» av Henrik Ibsen på Hovudscenen. Det var første gongen dette mektige verket (Ibsen sjølv rekna det som hovudverket sitt) vart spela i sin heilskap. Oppsetjinga – i den framifrå danske teatermannen Sam Besekows regi – var ei teaterhistorisk hending som vekte internasjonal interesse.

No i vår følgjer Det Norske Teatret opp arbeidet med Ibsens tidlege forfatterskap. Denne gongen står «Kongsemnerne» på repertoaret. Stykket er karakterisert som «vårt ypperste sagadrama». Men det sprengjer historiske grenser. Professor Edvard Beyer meiner «Kongsemnerne» «gir gyldig form til en konflikt som stadig på ny dukker opp i alt politisk liv: Idéløst maktbegjær mot målrettet vilje til å virkeliggjøre tidens krav».

Ein av dei fremste instruktørane våre, Kjetil Bang-Hansen, set i scene. Det blir den første oppgåva hans som fast tilsett instruktør på Det Norske Teatret. Den spennande komponisten Olav Anton Thommessen lagar ny musikk, og Helge Hoff Monsen er ansvarleg for scenografien. Edvard Hoem har omsett stykket til nynorsk. Som Håkon møter vi Bjørn Sundquist. Odd Furøy spelar hertug Skule og Ola B. Johannessen bisp Nikolas.

Vi ønskjer publikum velkomne til «Kongsemnerne», vår kunstnarlege storsatsing denne våren.

Med vennleg helsing
Det Norske Teatret

Svein Eirik Brodal
teatersjef



Sikteliner

Den noko forkomne unge mannen som ein i 1863 kunne møte kvar føremiddag klokka 14 på L'Orsas Kafé – der han drakk kaffi og las sine aviser – var tilsett som «æstethisk Konsulent» på Christiania Theater. Det var tydeleg at han ikkje var særleg vellykka – gjekk kledd i noko som kunne likne ein losliten poncho med ei reim rundt livet; og heitte Henrik Ibsen.

Vår venn i det slitne kostymet hadde nett gitt ut «Kjærlighedens Komedie» – «et bedrøveligt Produkt af literær Stundesløshed», var oppsagd som teatersjef og kunstnarleg leiar av Kristiania Norske Theater, og hadde fått sine søknader om stipend avslegne eller sterkt reduserte. Ikkje rart om han sat der og kjende på «at alle var imod mig, at jeg ikke længere havde nogen udenforstående, om hvem jeg kunde sige, at han troede på mig».

I juni kom omslaget: den store nasjonale songarfesten i Bergen. Studentane og Bjørnson hadde invitert han med. Det var fest og seine kveldar. Men Ibsen og Bjørnson brukte også natta til intens samtale om kven som hadde vore den beste kongen i Noreg! (Dei var visst heilt samde om at det nettopp var Håkon Håkonsson.) Så sentralt stod temaet Noregs sjølvstende for desse to unge forfattarane. Å skulle tenkje seg eit slikt emne for ein nattleg diskusjon mellom to av vår eiga tids radikale diktarar verkar i første omgang nokså umogleg. Men er ikkje debatten rundt ein eventuell norsk medlemskap i EF nett ein diskusjon om nasjonalt sjølvstende og identitet? Nasjonalkjensla vår er noko vi støtt vil ha eit engasjert og komplisert tilhøve til. Vi svingar frå ein huiande patriotisme til den mest provinsielle vanvørndnad for oss sjølve.

«Kongsemnerne» sprang ut av møtet i Bergen og det nye fotfestet Ibsen fekk. Temaet er Noregs sjølvstende, og tida er 1200-talet, da Håkon Håkonsson gjorde slutt på den endelause borgarkrigen og oppnådde ei makt meir fullkomen enn nokon tidlegare norsk konge hadde hatt. Dette er altså eit historisk drama om makt, der Bisp Nikolas' ord om «perpetuum mobile» minner oss om omgrepet «den historiske mekanismen», som vi er vane med frå Shakespeare. Men vår venn på kaféen hadde også eit vidare og meir personleg perspektiv: «Kongsemnerne» er like mykje eit innovervendt skodespel om evna til å skape og vere fruktbar. Den nasjonale konflikten speglar av eit djupt personleg mønster, der kampen ikkje står mellom staute kongar i eit stolt Noreg, men om tru og tvil hos dikteren. Det Noreg som bispen talar om og som Skule er knytt til, er Ibsens Jante. «Kongsemnerne» er også eit skodespel om krefter i kunsten.

I dette lyset er konflikten mellom Håkon og Skule konflikten mellom Mozart og Salieri om att. – Håkon, gudane sin yndling, er geniet, overtydd om at han sjølv er framifrå – Lykkeprinsen! Men han er lett å såre. Etter kvart kverv glansen, og den medvitne pragmatikaren står att. Skule veit å verdsetje Håkons talent – skjønar dette talentet, elsker det, men eig det ikkje sjølv. Tragedien er å vere skapt slik at du aldri kan fylle egne behov – åndelege eller materielle.

Dersom vi tillet oss å seie at vår mann på L'Orsas Kafé brukte sin eigen kunstnarlege kamp som materiale for eit drama om Noregs samling til eitt rike, og dermed skreiv to skodespel i eitt, da kan vi på same enkle måten seie at oppgåva for teatret med å framføre det har to utgangspunkt: på den eine sida det kulturelle ansvaret andsynes vår eigen klassiske dramatik, og på den andre vårt personlege engasjement i stoffet – det som skal gjere framsyninga til noko meir enn eit historisk referat.

Når det gjeld det kulturelle ansvaret til teatret, seier det kanskje noko både om kor historielause vi er og elles om det nokså kompliserte tilhøvet vi har til vår fortid – at vi så sjeldan framfører dei reint historiske skodespela våre. Samanliknar vi oss med svært mange andre teaterland, er det slåande å leggje merke til kor aktivt dei bruker den nasjonale historiske dramatikken sin i kampen for egne referansar og det historiske medvitet. Men vi har tillate oss sjølve ein mangel på refleksjon på dette området, og vi blir stadig overraska av vår nasjonale egosentrisitet, vår ambivalens og vårt framandhat. Noreg står framleis for oss som eit nasjonalromantisk omgrep – dumskap og tårer er



sameinte i augo våre. Kor komplekst tilhøvet vårt til vår eiga historie i røynda er, slo meg atter da eg under førearbeidet til denne framsyninga kom over ei medlemsbok frå Nasjonal Samling. Grøssande las eg mottoet som stod der med utheva skrift, Håkons kongstanke frå «Kongsemnerne»:

«Norge var et rike, det skal bli et folk!».

Men når Det Norske Teatret no vil presentere Ibsens tidlege dramatikk, der oppsetjinga av «Keisar og Galilear» i fjor var det første dømet, er det sjølv-sagt ikkje berre ut frå eit reint historisk nasjonalt perspektiv. Dette er også Ibsen som prøvde å skrive teater i den store klassiske tradisjonen, og ein slik dramatikk treng vi. Den burde spelast meir. Vi står andsynes ein type utfordring teatret bør ta opp – kor vanskeleg det enn kan vere å møte han: hoseband og hjelmar med horn har lett for å kome i vegen for opplevinga. – Så når litteraturforskarar med Francis Bull i spissen har kalla «Kongsemnerne» Ibsens første meistersverk – medan teatra våre, særleg i seinare tid, har hatt vanskar med å sjå korleis ein skulle kunne lage levande framsyningar av det, er dette ikkje nødvendigvis berre eit utslag av ulike tiders litterære smak. Det kan òg ha samanheng med vår evne til å gi desse skodespela scenisk liv. I «Kongsemnerne» blir dette komplisert av at stykket formelt sett ikkje har nokon fast einskap. Skodespelet bryt sin eigen stil, søkjer ut over eiga form. Slik oppmuntrar det oss ikkje berre til revurdering av den litterære teksta, men kan hende også til formelt å leite langs nye teatrale vegar. For det er noko av eit paradoks, dette, at vi stadig opplever meir eller mindre heldige sceniske eksperiment med den delen av Ibsens dramatikk der han sjølv etter kvart hadde utvikla ein formell meisterskap. Skodespel som frå hans hand kviler i perfekt rytmisk balanse, har teatret villig gått til åtak på, somtid nokså brutalt. Men den unge dikteren, han som sjølv framleis leitar og eksperimenterer, han ser det ut til at vi ikkje like fritt og søkjande har kome i møte. Det bør vi gjere. Ikkje for å «fornye» Ibsen, men for å gjere oss sjølve ope lyttande og sjåande...

I denne samanhengen er det både interessant og symptomatisk at dei i England – med sine langt meir opne og frie teatertradisjonar – har vore opp-tekne av «Kongsemnerne». Den kjende kritikaren og seinare litterære konsulenten på The National Theatre i London, Kenneth Tynan, ønskte lenge å

setje det opp med Sir Laurence Olivier og Ralph Richardson som Håkon og Skule. Men sjølv om ein tydeleg kan sjå ein påverknad frå Shakespeare, er det heilt klart at dette er og blir ei 1800-tals-tekst. Arven frå den tyske klassiske romantikken finn vi overalt. Det er derfor vanskeleg å vere like teatralt fri med denne teksta som mange etter kvart kjenner det ganske naturleg å vere i samband med Elizabethanarane. Eller er dette berre å gi ord til ein nasjonal konvensjon? Visst er det at vi merkar korleis Ibsen sjølv ruska i ord-lekkjene – det er også her som han til tider lengtar etter eit anna teater enn det han sjølv kjende og rådde over. Tenk så om han noko tidlegare hadde fått eit av dei mange stipenda han søkte, vår mann i ponchoen. Kva slags dramatik hadde han da skrive? Likevel – vi bør vel vere takksame for det vi fekk –?

«Her, indenfor dette tynne sejl ligger Norges saga for hundrede år! Den ligger og drømmer som fugleungen i egget,» seier Bisp Nikolas. Og i «Kongsemnerne» ligg det tema og tanketrådar som går igjen i nye former andre stader i Ibsens livsverk. Vi ser eit karakterdrag frå «Peer Gynt», en profil frå «John Gabriel Borckman» – medan dei usynleggjorde kvinnene stirer ut av slottsvindaugo, og ventar på å få sleppe til. For inst inne er dette, som alltid hos Ibsen, også eit skodespel om svik i kjærleik. Kva vi kan ruge ut av dette rare, ømme materialet, og kva tankar som er flygeføre, det veit vi ikkje enno. Det kan berre framsyninga fortelje. Og om den kan vi ingen ting seie, berre gi desse enkle siktelinene.

Målet har vore å finne både den ulykkelege Skule – og vennen i ponchoen. Han som seinare skulle bli så vidgjeten og få så mange medaljar.

Omsett til nynorsk av Leif Mæhle.



«Kongsemnerne» –

det første meisterverket i Henrik Ibsens diktning

«... Et saadant tragisk stykke er ikke skrevet siden Schiller.»


Bjørnstjerne Bjørnson

«Det er det første Ibsenske drama som trygt og helt kan bære betegnelsen et mesterverk.»

Francis Bull



Henrik Ibsen i 1863/64. Han var 35 år gammel da han skreiv «Kongsemnerne».



Bjørnstjerne Bjørnson var nesten fire år yngre enn Ibsen, men i 1863 var han alt ein vel etablert forfattar og autoritet i norsk kulturliv.

Henrik Ibsen debuterte som dramatikar i 1850, men han slo først gjennom med «Kongsemnerne». Stykket kom ut i 1863 og vart oppført på Christiania Theater i januar 1864. Frå da av låg vilkåra til rette for at han kunne etablere seg som skodespelforfattar.

Åra frå 1857 til 1863 blir ofte kalla for «trengselsåra» i diktarens liv. Han hadde rett nok fått ein plass i det litterære miljøet og hadde nære venner blant dei leiande i norsk kulturliv. Han hadde fått skodespel oppført, vore husdiktar hos Ole Bull på Det Norske Theater i Bergen og teatersjef ved Kristiania Norske Theater. Dessutan var han ein kjend og mykje søkt festlyrikar. Men han hadde store økonomiske vanskar, skuldene auka, og inntektene var små. I 1860 fekk både Bjørnson og Vinje reisestipend. Ibsen hadde òg søkt, men fekk ikkje noko. Arbeidet gjekk stadig tyngre for han på alle felt. Hans andre periode som sjef ved Kristiania Norske Theater enda med at teatret gjekk konkurs, og han prøvde deretter å livnære seg som kritiker i «Morgenbladet». Hausten 1862 fullførte han «Kjærlighetens Komædie», eit skodespel han hadde arbeidd med i årevis. Det vart ettertrykkeleg slakta. Til og med hans gode venn Botten-Hansen sa at diktaren av «Kjærlighetens Komædie» «... desværre var blottet for ideal Tro og Overbevisning». I februar 1863 søkte han Stortinget om diktarlønn, samtidig med at Regjeringa hadde fremja framlegg om diktarlønn til Bjørnson. Mange hadde sympati for han, men noka diktarlønn vart det ikkje da. Bjørnson derimot vart tildelt fast gasje for resten av livet.

Men våren og sommaren 1863 gav Ibsen andre og viktige oppmuntringar. Han hadde utsikter til å få eit reisestipend, og studentane inviterte han med som gjest på den songarferda dei skulle gjere til Bergen. Bjørnson var også henta dit for å kaste glans og festivitas over hendingane. For Ibsen kom denne ferda til å stå i minnet som ei av dei lykkelegaste opplevingane hans. Bjørnson kom han i møte og gjorde ære på han på alle måtar, og dette gjorde sitt til at også andre tok godt imot han. Men det var sjølve samværet med Bjørnson som fekk mest å seie for han. Bjørnstjerne Bjørnson stod på eitt av dei mange høgdepunkta i sin karriære, han var den sjølvsgde hovudperson, studentane sin avgud. Ibsen derimot hadde gått frå nederlag til nederlag. Alt dette var dei klare over begge to, og Bjørnson har visst at Ibsen trong oppmuntring og medgang, og gjorde alt for å skyve Ibsen fram i rampelyset.

Han kom heim frå ferda lykkeleg over suksessen, og med heilt nytt mot til å ta offensiven. Han byrja skrive eit nytt historisk drama, men denne gongen skulle det vere eit reint psykologisk stykke, berre sett inn i ei historisk ramme. Stoffet henta han frå saga om Håkon Håkonsson, kongen som på 1200-talet gjorde slutt på borgarkrigane og konsoliderte kongedømmet i Noreg. Han skreiv under inspirasjon frå møtet med Bjørnson, og dei to vennene hadde sikkert diskutert motiv frå saga og historie som dei begge hadde gjort seg nytte av. Bjørnson omtalar også Håkon Håkonsson som Noregs beste konge i

den store festtalen sin i Bergen. Stykket fekk tittelen «Kongsemnerne». Litteraturforskarar har meint at dei to kontrastpersonane i stykket, den truvisse kong Håkon og den tvilande hertug Skule, er portrett av Bjørnson og Ibsen, medan andre har hevda at dei to hovudpersonane – og bisp Nikolas – er uttrykk for ulike sider ved Ibsen sjølv.

Tematisk har «Kongsemnerne» slektskap med «Kjærlighetens Komedie» – dei handlar begge om kallet. Håkon har det, derfor følgjer lykka han. Skule har evne og vilje, men manglar kallet, og derfor taper han.

«Kongsemnerne» er blitt ståande som eit av hovudverka i vår historiske dramatik. Det er mindre stilisert, mindre arkaisk enn Ibsens tidlegare historiske drama. Her er ingen sagastil, men naturleg levande replikk-føring. Ibsen har nærma seg Shakespeares dramatiske form, med mange sceneskift og fri rørsle i tid og rom, med masseopptrinn og stort persongalleri. Også menneskeskildringa er påverka av Shakespeare, særleg personen bisp Nikolas.

Da stykket kom ut, var kritikarane først litt forvirra, her hadde den forrykte dikteren igjen skrive annleis enn sist. Men tre lange og rosande artiklar av professor Monrad i «Morgenbladet» redda Ibsen frå den meir eller mindre medvitslause kritikken han ofte elles hadde vore mishandla av. Da stykket hadde urpremiere i januar 1864, gjorde det eit sterkt inntrykk. Kort før hadde Ibsen fått reisestipendet han hadde søkt om. Summen rakk likevel ikkje langt nok, og Bjørnson tok initiativet til ein innsamlingsaksjon for sin gode venn. Resultatet vart 700 riksdalar. Ibsen reiste ut – og kom ikkje attende til Noreg på lange tider.

RH

Kjelder: Hans Heiberg: «. . . Født til kunstner», Aschehoug 1967.
Harald og Edvard Beyer: «Norsk litteraturhistorie», Aschehoug 1978.

«Kongsemnerne» på teatret

«Kongsemnerne» hadde urpremiere på Christiania Theater 17. januar 1864. I 1871 vart stykket framført på Det Kongelige Theater i København. Den første tyske oppsetjinga kom i 1876 hos den radikale teatermannen hertug Georg i Meiningen, og året etter vart stykket sett opp i Berlin. Nya Teatern i Stockholm hadde Sverigepremieren i januar 1879. Schiller-Theater i Berlin viste stykket i 1901, og i 1903 vann Max Reinhardt ein av dei første store sigrane sine da han sette opp «Kongsemnerne».

Her i landet har «Kongsemnerne» alltid høyrte til det fremste Ibsen-repertoaret, og har gått mange gonger på dei fleste norske teater. Det Norske Teatret har spela stykket ein gong, i 1950, da Oslo feira 900-års jubileum. Agnes Mowinckel sette i scene, Arne Walentin var ansvarleg for dekor og kostyme, og musikken var ved Pauline Hall. Stykket var omsett til nynorsk av Henrik Rytter. Per Sunderland spela Håkon Håkonsson, Lars Tvinde hadde rolla som Skule Bårdsson, og biskop Nikolas vart framstilt av Edvard Drabløs.



Frå oppsetjinga på Det Norske Teatret i 1950. I midten Dagmar Myhrvold som Inga frå Varteig. Foto: Sturlason

«Alle de oprivende Theatergrejer»

I 1864 seier Henrik Ibsen nei til å halde fram som sceneinstruktør. Da hadde han vore engasjert og fast tilsett ved Det norske Theater i Bergen (1851-57) og ved Kristiania norske Theater (1857-62). I 1863 vart han engasjert ved Christiania Theater.

Og det er her på hovudscenen i landet at han for 125 år sidan for første gong set «Kongsemnerne» i scene. Det var òg siste gongen han var sceneinstruktør.

Å drive teater er «en dagligt gjentagen Fosterfordrivelse,» har han sagt. (Når ikkje anna er nemnt, er sitata henta frå Roderick Rudlers artikkel «Ibsens iscenesettelse av Kongsemnerne».) Krava frå publikum, dårleg økonomi og ikkje minst late skodespelarar, som ikkje tok det nøye med prøvene og klokkesletta – etter det Ibsen sa – tærte på den ideale kunstnaren. Instruktøren skulle også ha ansvaret for kostyme og scenografi.

Da Ibsen kom til Christiania Theater, hadde han nær sagt alle mot seg. Og jamvel om danske og norske skodespelarar som regel ikkje kunne fordra kvarandre, fann dei kvarandre i misnøye med «den lille, skrivetrenge» – og som Bjørnson sa – «flatrumpede instruktørtyrann, som ved deres hjelp skulde få inkarnert sine drømmeskikkelser».

Tyrann eller ikkje. Ein kan vanskeleg ta det bokstaveleg. Ibsen hadde studert i utlandet, takka vere eit stipend frå teatret i Bergen i 1852. Han vart overvelda av det som møtte han i København og i Dresden. Ved sida av å sjå teater og stor skodespelarkunst studerte han sceneutstyr og særleg scenetekniske hjelpemiddel. Ikkje minst viktig var det at han oppdaga ei lita bok, skriven av litteraturforskar Hermann Hettner – «Das moderne Drama». Halvdan Koht kallar denne boka eit programskrift og ei oppmoding til dei unge tyske dramatikarane om å ta gjerninga si alvorleg. Eit av Hettners hovudpoeng var at eit historisk drama kunne forsvare sin plass saman med andre så sant det var «psykologisk karaktér-drama og skildra striden mellom motsette makter som vi i vår tid òg kunne kjenne levande i hjartene våre» (Halvdan Koht: «Henrik Ibsen. Eit diktarliv», I, s. 85).

Ibsen hadde klare tankar om korleis skodespelarane skulle nærme seg ei rolle. I samband med «Kongsemnerne» seier han det slik: «Charakterenes Uendlighed af Afskygninger alt efter de Situationen og Omgivelser, hvorunder den momentant befinder sig», må nøye undersøkjast. At idealet var ganske uopnåeleg, vedgjekk han sjølv. Til det måtte ein ha mange og lange prøver «paa hvilket det spilles fuldt ud til alle Sider». Da Ibsen sette opp «Kongsemnerne» i 1864, hadde dei samanlagt ei prøvetid på berre eit døgn, kan teaterforskar Roderick Rudler fortelje.

Rudler, som i mange år har forska i dette feltet av Ibsens livsgjerning, understrekar at Ibsen som regissør har vorte underkjent. Grunnane er fleire, og ikkje i tilstrekkeleg grad basert på nøktern forskning.

Ibsen ville skape eit visuelt teater. Han var svært oppteken av scenebiletet og av at det skulle vere realistisk – at alle element, kulisser som skodespelarar skulle gå inn i ein heilskap. Eit einskilt element skulle ikkje ta merksemda frå det andre. Derimot skulle alle elementa tilpassast kvarandre og til den sentrale grunntonen. Det enkle og naturlege, røyndomsnære uttrykksformer og for all del ikkje kunstige aksentueringar – det var nøkkelord.

Det ville ha vore mykje å hamle opp med dersom Ibsen skulle ha fått det som han ville. Med 13 års slit og erkjenning bak seg skjøna han at dersom hans «moderne» realistiske teater skulle få gjennomslag, måtte han ofre seg fullt og heilt. Staten måtte byrje å interessere seg for teatret. Publikum måtte skjøne at utan pengar kan ein ikkje lage eit stort repertoar. Instruktøren måtte få større innverknad. Prøvene måtte utvidast, og skodespelarane måtte lære seg betre arbeidsvanar ...

Nei, «alle de oprivende theatergrejer», sa han da «Kongsemnerne» var i hamn. Og jamvel om publikum var svært så fornøgd: Ibsen sette for siste gong sine fotefar i kulissene. Men nettopp i scenetilvisingane til dei seinare skodespela hans merkar ein at han har vore praktisk teatermann. Utan den røynsla hadde han nok ikkje vorte den fornyaren som han vart.

Inger-Margrethe Lunde







«KONGSEMNERNE»

av Henrik Ibsen
omsett av Edvard Hoem
omarbeidd av Kjetil Bang-Hansen

Musikk: Olav Anton Thommessen

Regi: Kjetil Bang-Hansen
Scenografi og kostyme: Helge Hoff Monsen
Lysdesign: Hans Åke Sjöquist
Dramaturg: Cecilia Ölveczky
Maske: Barbro H. Haugen / June Paalgard
Regiassistent: Inger-Margrethe Lunde

Bisp Nikolas Arnesson
Håkon Håkonsson,
vald til konge av birkebeinarane
Inga fra Varteig, mor hans
Kanga, frilla hans
Ivar Bodde, hirdpresten hans
Dagfinn Bonde

Ola B. Johannessen

Bjørn Sundquist
Ulrikke Greve
Øyonn Myhren
Are Storstein
Erik Øksnes

Skule jarl
Fru Ragnhild, kona hans
Sigrid, søster hans
Margrete, dotter hans
Pål Flida
Bård Bratte
Gregorius Jonsson

Odd Furøy
Mona Hofland
Grethe Ryen
Elisabeth Sand
Magne Lindholm
Torgeir Fonnli
Øivin Berven/
Nils Bernt Olsen

Ingebjørg,
kona til Anders Skjaldarband
Peter, son hennar, ein ung prest

Marit Kolbræk
Anders Dahlberg

Jatgeir skald, ein islending

Bjørn Floberg

Musikarar:

Gunnar Aas, slagverk
Gunnar Berg-Nilsen, slagverk
Svenn Erik Kristoffersen, synthesizer

Elles medverkar:

Tom Arne Haug, Gorm Jenseg, Morten Johan Spiten,
Bjarte Bjørkum, Claus Henrik Bjørndalen, Raymond Bogstad, Roger Ellingsen,
Steinar Flanes, Hågen Fløtten, Arne Helsingen, Trond Liland, Kjell Morteng,
Arild Johan Myrberg og Carsten Strobel.

Ein pause.

Inspisient:	Per Berg-Nilsen
Lysmeistrarar:	Terje Wolmer / Per Chr. Thomassen
Lyd:	Torkild Madsen
Scenekoordinatorar:	Oddgeir Kummen / Jim Fainberg
Rekvisittmakarar:	Alf Engh / Don Clanton
Rekvisitørar:	Åse-Berit Litleskaret / Finn Kirkeby
Sufflør:	Lars M. Kolstad

Premiere på Hovudscenen 7. april 1989













Soga som drama

Når vi i dag talar om Henrik Ibsen som dramatikar, har vi lett for å tenkje på han som ein realismens meister. Men det var som historisk dramatikar at han først slo gjennom. I 1860-åra var denne forma på veg ut, både i Noreg og ute i Europa. «Kongemnerne» vart til året etter at Ibsen hadde skrive sitt første ikkje-historiske skodespel – «Kjærlighedens Komædie» (1862). Det siste historiske skodespelet av han vart «Kejser og Galilæer», som kom i 1873, mellom «De unges Forbund» og «Samfundets Støtter».

Mykje av den same utviklinga finn ein hjå Bjørnstjerne Bjørnson. Han òg utvikla seg til en framifrå realist – bort frå det historiske dramaet. Frå først av stod dei båe trygt planta i ein solid tradisjon, som talde sterke namn både ute i Europa og her i Noreg – her heime til dømes Henrik Wergeland. Og følgjer ein den lina vidare fram til vår tid, finn ein her i landet ein dramatikar som Peder W. Cappelen. Cappelen henta noko av inspirasjonen hjå Ibsen. Og William Shakespeare har vore læremeister for dei båe.

Kvar det historiske dramaet har opphavet sitt, er eit spørsmål om definisjonar. Vanlegvis plar ein seie at det verkeleg byrjar med Shakespeare (sjølv om det er mogleg at kollegaen hans, Christopher Marlowe, var først ute). Men ein finn òg historiske skodespel før Shakespeares tid. Jamvel dei gamle grekarane hadde på sett og vis eit historisk drama frå 500-talet f.Kr. og frametter. Men den historia som skodespela til Aiskylos, Sofokles og Euripides dikta ut frå, var ikkje verkeleg, men mytisk. Det same gjeld teaterdiktinga i Roma. Seneca henta like eins inspirasjon frå mytar og segner.

I mellomalderen døydde teatret nesten ut i vesterlanda. Det vart født på ny gjennom kyrkja, der ein på 800- og 900-talet tok til å dramatisere delar av bibelhistoria, først og fremst påskebodskapen. Seinare fekk ein ei mengd spel med handling både frå Det gamle testamentet og frå Det nye testamentet.

Det er likevel ikkje dette ein normalt vil nemne som døme på historiske drama. Det verkelege historiske dramaet finn ein først frå 1590-åra og frametter. Då skreiv Shakespeare m.a. «Henry VI», «King John» og «Richard II». På same tida kom Marlowe med sitt historiske skodespel «Edward II». Typisk for desse spela er at dei tek for seg historiske hendingar som ikkje ligg særleg langt tilbake i tid. Shakespeare skreiv også skodespel med emne frå antikken – t.d. «Julius Cæsar» og «Anthony og Cleopatra». Men her kunne han nok stille seg friare til historia enn i skodespela med handling frå den nærare, heimlege historia. Shakespeare brukte i høg grad soga som ein spegel til å halde opp for si eiga tid.

Sentrale dramatikarar i tida etter Shakespeare – som franskmennene Corneille og Racine og spanjolen Calderon – vende seg snarare til mytologi og segner enn til soga. Først nærare 200 år etter at Shakespeare byrja å skrive sine sogedrama, finn ein på ny ein livskraftig historisk dramatik. Ein av dei viktigaste skaparane av historiske skodespel i nyare tid er tyskaren Friedrich von Schiller (1758-1805). I 1787 kom «Don Carlos», den første historiske tragedien hans. Storverket hans på dette feltet er trilogien «Wallenstein», med handling frå trettiårskrigen.

Til Norden kom det historiske dramaet frå Tyskland. Romantikken – som Schiller representerte – oppdaga Shakespeare på ny. Og med romantikken kom også ein ny sans for glansfull fortid. Kva var vel då meir naturleg enn at den første store dikteren av historiske drama i Norden, Adam Oehlenschläger (1779-1850), tok for seg noko av vikingtida si historie – t.d. «Hakon Jarl».

Oehlenschläger vart mykje spela både i Danmark og i Noreg. Og han inspirerte t.d. Henrik Wergeland, som mellom anna skreiv dei historiske skodespela «Sinclars Død» og «Cambellerne».

Henrik Ibsen skreiv sitt første drama, «Catilina», i 1849-50. Handlinga er henta frå romersk historie. Deretter vende han seg til norsk historie og skreiv m.a. «Fru Inger til Østråt» (1854), med emne frå brytningtida på 1500-talet. Om lag samtidig kom Bjørnstjerne Bjørnson i gang med historiske skodespel der handling og personar er henta frå norsk mellomalder («Mellem Slagene», «Halte-Hulda», «Sigurd Slembe» o.fl. – også eit med emne frå engelsk historie: «Marie Stuart i Skotland»).

Etter Bjørnson og Ibsen har det ikkje kome mykje historisk dramatikk her i landet – sjølv om det finst interessante tilløp hos Hans E. Kinck.

I mellomkrigstida og i åra etter krigen gjekk det føre seg ei viss utvikling og nyorientering innan det historiske dramaet ute i verda – både her i Europa (t.d. Bertold Brecht) og i USA. Noko av det mest interessante på dette feltet her i landet er Nordahl Griegs skodespel om Pariser-kommunen, «Nederlaget» (1937). I åra omkring 1950 skapte Aslaug Vaa eit par historiske skodespel som gjorde lykke på scenen – «Tjugendagen» og «Munkeklokka». Og i 1970-åra fekk det historiske drama nytt fofeste hos oss, med forfattarar som Peder W. Cappelen («Loke», «Kark», «Sverre, Berget og Ordet») og Edvard Hoem («Tusen fjordar, tusen fjell», «Der storbåra bryt»). Historiske spel – som t.d. Stiklestad-spelet til Olav Gullvåg – har vorte mykje populære dei siste 30 åra.

Jamvel om det ikkje kjem like mange historiske skodespel i vår tid som for eit par hundre år sidan, finn vi også i dag stadig interesse for å spele så vel Shakespeare som Schiller. Og Ibsen.

Gjennom saga ser vi vår eiga tid på ein ny måte.

Steinar Wiik



Soga fortel

Soga om Håkon Håkonsson er eineståande i sogelitteraturen. Ho finst meir eller mindre fullstendig overlevert i ei rad islandske skinnbøker frå mellomalderen, og vi har nøyaktige opplysningar om korleis ho vart til.

Soga er skriven av den islandske høvdingen, historikaren og skalden Sturla Tórdarson, brorson til Snorre Sturlason. Han levde frå 1214 til 1284. Han kom til Noreg etter at Håkon Håkonsson var faren på Vesterhavsferda si. Han vart godt motteken av kong Magnus Håkonsson (Lagabøte), og fekk i oppgåve å «. . setje saman saga om kong Håkon, far hans, i samsvar med kongens eiga føresegn og etter opplysningar frå dei klokaste menn.» Soga vart skriven i tida 1264–1265. Seinare skreiv Sturla saga om kong Magnus.

Om Håkon Håkonsson i barnealderen

I dei dagane Innocens var pave – han som var den tredje med det namnet i apostelsetet – gjekk dei tidendene for seg i Norderlanda som er samansette i denne boka, om livsgangen til kong Håkon Håkonsson, son til Håkon Sverresson. Da var det lide 1203 vintrar frå vår herre Jesu Kristi inkarnasjon.

Da kong Håkon fór austafra Elv, gav han seg svært lenge til i Borg om hausten. Der var da hos han ei kvinne som heitte Inga, ei god og trufast kvinne. Ho var av godt folk, frenka til Audun i Borg, og ho hadde mange gjæve frendar i Borgarsysle, som vart kalla varteigingar eller Varteigs-menn. Inga var i kong Håkons herbyrge, og kongen låg i seng med henne. Det visste Håkon Galen og fleire av dei trufaste mennene hans.

Den vinteren i jula fekk kong Håkon den sotta som vart banen hans. Han andast åttandedag jul.

Etterpå om sommaren var Inge teken til konge, som før er skrive, og danskekongen og biskop Nikolas reiste baglarflokket i Vika. Da var Inga, som før er nemnd, aust i Borgarsysle, i den bygda som heiter Heggen, på garden Folkenborg. Der verka ein prest som heitte Trond. Der vart Inga sjuk og fødde eit gutabarn. Men Trond prest visste at kong Håkon Sverresson var far til guten. Han døypte guten, og fór så løynleg med barnet at han trudde ingen til å halde det over dåpen utan bae sønene sine og kona si. Trond prest fostra guten i løynd.

Biskop Ivar var da i Hamar. Han var da som alltid ein stor uven av kong Sverres ætt og av alle birkebeinar. Men enda dei fór løynleg med guten, så fekk biskopen nysn om at det var komme ein kongsson dit. Biskopen baud da guten og mor hans til seg i jula og sa han var skyld med guten, som han òg var. Men birkebeinane leit ikkje noko på dette, og dei sa at guten skulle komme til han etter jul; dei skulda på at både guten og mor hans var trøtte etter ferda, så dei kunne ikkje vere i lag med mykje folk.

Da jula var gått, tok dei på ferd frå Hamar og fór dit som guten var, og førte han og mora bort med seg til Litle-Hamar, og veik så deretter til Østerdalen og etla seg derifra nord til Trondheimen.



Initial frå Flateyjarbók, der Soga om Håkon Håkonsson tek til. Inne i initialen (ein h) visstnok bilete av ein konge som utnemner ein mann til hertug og gjev han sverd og stridsmerke (fane).



Steinhovud av barnekonge frå korgesimsen i Nidarosdomen, kan hende Håkon Håkonsson. 1200-åra. – Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider, Trondheim.

På denne ferda sleit dei mykje vondt av styggever og frost og snø. Dei var stundom ute om nettene i skogar og audner. Ein kveld vart det så fælt ver at dei visste ikkje kvar dei fór. Da tok dei to som var dei beste skilauparane, til å fare føre med guten; den eine heitte Torstein Skeivla og den andre Skjervald Skrukka. Dei fekk to bønder som var kjende der, til å syne vegen. Dei fór så snøgt som dei kunne, men fann likevel ikkje fram til bygda.

Dei kom til nokre utlør, og der slo dei ild og laga ei lege åt guten. Sidan fór vegvisarane attende til møtes med ferdafølgjet, og dei kom att til løa ved midnattsleite. Det var eit vondt tilhelde, for det draup over heile løa så snart som snøen bråna av elden. Dei fleste tykte da det var betre å vere ute enn inne. Det var inga anna føde til guten enn snø, som dei smelta i munnen på han. Den staden der dei da var, heiter Navardal. Der kom dei i så stort uføre at dei fekk ikkje brote veg i snøen annleis enn at dei stappa han ned med spydskafta sine. Men kvar dei kom i Østerdalen, hjalp te bøndene dei så godt dei kunne, og lånte dei hestar og viste dei veg.

Så har kloke menn sagt, at det slitet og den møda som birkebeinane hadde på denne ferda, attåt den faren dei ottast frå uvenene sine, før dei kom nord i Trondheimen med kongssonen, det har vore mest likt den møda som Olav Tryggvason og Astrid, mor hans, hadde på ferdene sine, da dei rømde frå Noreg aust til Svitjod unna hardstyringa til Gunnhild kongsmor og sønene hennar.

Om Håkon Håkonssons ettermæle

Kong Håkon vart jorda tre netter før marimesse (22. mars 1264). Da var det lide tre netter mindre enn 1263 år etter vår Herre Jesu Kristi føding og inkarnasjon.

Kong Håkon var noko under middels høg, han var velvaksen, herdebrei, mjå om livet, heller høg i sessen, ikkje langføtt, noko ut-til-beins. I lekamsbygnad likna han kong Sverre. Han var storleitt, med god hamlet og fagert hår, store og likevel fagre auge. Han var hyggeleg mot alle når han var i godlag, men grim og øyeleg når han var vreid. Han var uvanleg munter, kvikk og blid; ein venleg mann var han mot fattige og trengande folk, så at han aldri var så tung i hugen at han ikkje svara dei blidt. Han var vørdeleg og fintfarande når han sat mellom andre hovdingar, godlåten og gjævlyndt, ein ordhag mann som tala vel på tinget. Han var den visaste mann både til å skjønne lovene og til rådgjerder. Det sa dei kloke menn som vart sende til han frå andre hovdingar, at dei hadde aldri sett nokon hovding som meir var både konge, herre og kamerat enn han.

Kong Håkon let bøte lov og landsrett i Noreg på mange vis. Han let setje i bok det som no blir kalla Nylova. Han tok av alle manndrap og fothogg innlands og like eins handhogg, utan når det var særskilt sterk grunn til det. Ingen skulle få vere i fred i landet som tok annan manns kone. Alle ættdrap fekk han òg avteke, så at ingen skulle lide for annan manns forbrot, anna berre bøte for saker han var dømd for etter lova.

Kong Håkon la meir vinn på å styrkje Guds kristendom i Noreg enn nokon annan konge før han etter den heilage kong Olav.



Håkon Håkonssons majestetsegl. Segl-stampen var utført av ein engelsk gullsmed og vart år 1236 send som gåve frå kong Henrik III av England til kong Håkon. Riksarkivet, Oslo.



Steinplate som kan ha lege over grava til hertug Skule. Innrita mannsandlet med hertugkrone. – Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider, Trondheim.



Denne bispeskulpturen i tre frå Haslum kyrkje i Bærum førestiller truleg baglarbispesen Nikolas Arnesson.

Om hertug Skules gravferd og ettermæle

Deretter stelte dei til likferda til hertugen, og ho vart halden på ein særskilt ærefull måte. Han vart jorda i Kristkyrkja på søre sida nedunder den staden der han hadde laga gravstad til Inge, bror sin, oppe i steinveggen. Erkebiskop Sigurd og alle kórsbrørne, og mange andre prestar, og byfolket, og mange birkebeinar stod over grava hans. Dødsdagen til hertugen er den 24. mai (1240). Han var da 51 år gammal.

Det var mange som sørgde etter hertug Skule, og særleg venene hans; for han var ovleg vensæl. Han hadde mange eigenskapar som gjorde dette, først blidskap og godt omgangslag, og dertil godvilje og raustleik, så han mest ikkje sparte på noko til mennene sine. Han gav mange menn namnbot eller skaffa dei gode gifte eller hjelpte dei fram på andre måtar, dei som søkte til han, og av slike ting vart han mykje vensæl.

Hertug Skule var ein heller høg og grannvaksen mann, hadde lysbrunt hår og eit ovfagert hårlag, var rettleitt og lys i andletet, hadde utifrå fagre auge. Han var framifrå fin og høvisk, var ordhag og tala godt på tinget. Han hadde flest av alle dei dygdene som pryder ein god hovding. Og dersom ikkje det ulykkesåret som han levde sist, var komme over han, så ville folk ha sagt at det ikkje har vore fødd ein slik mann i Noreg som har vore duglegare, av dei som ikkje er komme av sjølve kongsaetta. Hertugen hadde ingen son etter seg, så vidt folk kjende til det med visse. Men det er å vente at med Guds miskunn kjem Noreg lenge til å bli prydd av hans avkjøme.

Om biskop Nikolas' død

Biskop Nikolas var da mykje sjuk (1225). Han sende bod til kongen at han skulle komme til han. Kongen hadde på denne ferda funne nokre brev som han tyktest finne det i, at biskopen ikkje var heilt tru mot han, og han skulda han for dette. Biskopen vedgjekk det og bad kongen tilgje han. Han sa at han gjerne ville gjere det for Guds skuld.

Han tyktest skjønne kor langt det da var lide med biskopen. Og derfor drygde han med ferda si alt til Gud kalla biskopen or denne heimen. Kong Håkon følgde liket hans til grava og gjorde det vel og vørdeleg, som rett og høveleg var; for biskop Nikolas var ein sær namngjeten og storrådig mann, framfor alle lærde menn i Noreg. Han var òg kommen av dei største ættene i Sveavelde og Danmark og dertil av god ætt innan landet. Men enda han ikkje var ven med birkebeinane, så sa kong Håkon at det knapt hadde vore ein slik mann som biskop Nikolas i verdsleg visdom og heider.

Knut Bergslien: «Birkebeinerne på Ski over Fjeldet med Kongsbarnet».
Knut Bergslien (1827–1908) tilhørte ei kjend kunstnarrett frå Voss. Som mange andre kunstnarar i samtida henta han motiv til bileta sine frå folkeliv og historie.



Dei historiske hendingane (1202–1263).

- 1202 – Det har vore strid om kongsmakta i Noreg i nærare 70 år. Kong Sverre og birkebeinane har stridd mangt eit slag for si sak. Oslobispen Nikolas Arnesson er ein hard motstandar, og hans flokk, baglarane, stiller sine eigne kongsemne opp mot Sverre og ætlingane hans.
Kong Sverre dør i Bergen, og sonen hans, Håkon, blir konge.
- 1204 – Kong Håkon Sverresson dør. Inga frå Varteig får ein son som ho gir namnet Håkon. Ho hevdar at kongen er far til guten.
Erling Steinvegg hylla som baglarkonge på Haugating og Borgarting. Inge Bårdsson (søsterson til kong Sverre) blir hylla som birkebeinkonge på Øyretting. Landet «delt» mellom dei to partia ved eit forlik i 1208. Birkebeinane styrer i Trøndelag og på Vestlandet, baglarane har makta på Austlandet.
- 1206 – Birkebeinane reddar kongssonen Håkon Håkonsson frå fiendane på Austlandet. Går på ski med han frå Vetle-Hamar til Nidaros. Kong Inge godkjenner han som rett tronarving.
- 1207 – Filippus Simonsson (søsterson av biskop Nikolas) blir teken til baglarkonge på Borgarting.
- 1217 – Inge Bårdsson dør, og Håkon Håkonsson blir teken til konge på Øyretting og i Bergen. Skule Bårdsson (Inges halvbror) blir regent og jarl med tredjedelen av riket under seg. Filippus dør seinare same året, og Håkon blir kongehylla også aust i landet.
- 1218 – Endeleg forlik mellom birkebeinane og baglarane. Baglarflokken oppløyst. Riksdelingsavtalen mellom Håkon og Skule fornya på riksmøtet i Bergen.
- 1219 – Ribbungane gjer opprør.
- 1223 – Riksmøtet i Bergen godkjenner Håkon som rett arving til trona framfor andre.
- 1225 – Håkon giftar seg med Margrete Skulesdatter. Biskop Nikolas dør.
- 1227 – Opprøret til ribbungane slått ned. I åra som følgjer, blir tilhøvet mellom konge og jarl stadig dårlegare.
- 1236 – Skule blir hertug, men utan eigen riksdel under seg.
- 1238 – Skule tek kongsnamn på Øyretting og går til open kamp mot Håkon.
- 1240 – 9. mars – slaget ved Låke (Nannestad på Romerike). Skule slår kongens menn.
21. april – slaget i Oslo. Hertugen må rømme til Trøndelag.
24. mai – Skule blir drepen av Håkons menn utanfor Elgseter kloster ved Nidaros.
- 1247 – Kong Håkon krona i Bergen av kardinal Vilhelm.
- 1260 – Lov om tronfølgjeordninga. Noreg blir arveleg einekongedømme.
- 1263 – Kong Håkon Håkonsson dør på hærferd i Vesterhavet.



Nasjonalbiblioteket
Depotbiblioteket



76g328240

Det Norske Teatret